

Pillar-Guri og George Sinclair -

eit folkemusikalsk syn på slaget i Kringom i 1612.

I folkemusikken i Gudbrandsdalen er det mange tema som kjem til uttrykk gjennom slåttane. Og særleg eitt tema har resultert i mange leikar. Det er ikkje nokor hending som har sett slike merke etter seg i spelmannsmusikken som Skottetoget og slaget i Kringom i 1612. *Goroleikjin* vitnar om det. Andre hendingar, eller fenomen, som kjem fram i musikken vår har gjernast berre ein eller nokre få slåttar knytte til seg. Med *Goroleikjom* er det annleis. Heile fjorten ulike slåttar er knytte til Pillar-Guri og George Sinclair. I tillegg kjem alle variantane, for alle spelmenn har sjølv sagt sin variant av kvar slått. Det ligg nedfelt i spelmannsnaturen.

Leikane blir nemnde: *Gurileik, -slått, -halling, Goroleik, - slått, Pillar-Gurileik, -slått, -halling, Sinklarmarsjen, -halling, -slått og Skotthalling*. Så har vi nokre nemne når enkelte slåttar er samansette i eit større heile som skildrar stemninga og slaget, både før, under og etter: *Så spelte 'o Guri - Så svårå 'n Sinklar - Så svårå 'o Guri att, og Sinklarmarsjen - Så svårå' o Guri - Gurileik*.

Musikken er for det meste mollstemt og har ein melankolsk og sorgtung undertone. Det er dugleiken til spelmannen som set grenser for korleis ein skildrar desse hendingane musikalsk, i bruken av dynamikken, rytmen og dei ulike elementa som ligg nedfelt i slåttane.

Av *Goroleikjom* er 11 hallingar, 2 marsjar og 1 lydarslått.

Når slåttane blir låte ein og ein, er dette ei grei karakterisering av slåttane. Men dei gamle spelmennene hadde ei fri tolking av desse hallingane. Det var vanleg å setja fleire slåttar saman til eit større heile og gjerne skildre denne hendinga og dei ulike personane med ei verbal innleiing til musikken, eller gjera ein stopp i låtinga for å gjera publikum merksame på enkelte innslag i musikken som: *Høyr! Nå kjøm sekkjepipun!* og – *Hær spela 'o Pillar-Guri på lu'n!* Og det vart fortalt at det var mange, også i seinare tid, både unge og eldre, som fekk tårer i augo når dei lydde på desse slåttane. *Gamle folk myklast når døm høyrde Goroleikjin*, vart det sagt.

Marsjane derimot er alltid taktfaste. Dei er uttrykk for det militære og etterliknar m.a. sekkepipene med sin rytmisk fastheit og ofte monotone preg.

Det er molltoneartane som dominerar lydbildet, særleg d-moll som, også generelt, er den dominerande molltonearten i musikken vår. 6 slåttar går i d-moll, 3 slåttar i g-moll, 1 i e-moll, 1 i d-moll/d-dur og 3 i d-dur.

Slåttane, som er av dei eldste vi har, var velkjende og brukte i heile dalen, men òg i andre dalføre, t.d. i Folldalen, Østerdalen, ja, heilt aust i Engerdal finst ein *Prillar-Gurilek*. Med Folldalen er det ikkje så rart. Han var ein del av gamle Lesja kommune og ennå i dag, i allfall øvst i dalen, høyrer ein at talemålet og felemusikken er gudbrandsdalsk! Engerdal og kontakten til Gudbrandsdalen kan skuldast at ein spelmann, Abraham Isaksson Moen frå Sel (1746-1815), i 1778 gifta seg med ei jente frå Engerdal og busette seg der. Abraham hadde to brør og desse tre var namnkjende spelmenn i samtida. Den eine, Isak Isaksson (Moen) Rustom (1742-1830), fløtte til Kvam og den tredje Jakup Isaksson Moen (1740-1804) vart verande i Sel. Her finn vi spelmenn som voks opp på Selsverket, ikkje langt unna Kringane, vel 100 år etter slaget, og fekk nok både segn- og slåttetradisjonen om Pillar-Guri og Sinklar inn med morsmjølka.

Kven har så komponert desse slåttane? Ingen veit! Det heile starta med at skottane kom togande

nedover Gudbrandsdalen. Folk bisna på eit slikt framant folkeferd som, etter segna, tok seg til rette der dei fór fram. Fremst i Skottetoget gjekk sekkepipeblåsarane og spelte feiande marsjar med kompaniet marsjerande bak. Berre dette kunne vera nok til å inspirere skaparkrafta hjå musikalske personar i dalen. Men det stoppa ikkje her!

Bodstikka vart sendt rundt og ein folkehær samla seg i Kringane ved Otta for eit endeleg oppgjær med fienden. Dyktige bondeleiarar organiserte eit bakhald, og segna fortel om folk som hadde særskilde oppgaver med å hefte skottane på ymse vis. Ein av desse personane var Pillar-Guri som var namnkjent for lurblåsinga si og var signalist for dølene. Ho skulle stå på *Skjeisjolkampé* – Seljordskampen, på vestsida av Lågen, og blåse på lur. *Te enno vissare Varsel let døm ei Jente gaa uppaa Selsjordskampen og staa uppaa Pynte me ein Never-Lu; ho va saa glup te aa blaase paa Lu at ho va kalla Pillar-Guri, og no skulde ho slaa i aa blaase me di saamaa Skottan kom midt onde Veltunn (Kleiven 1907: 67).*

Tradisjonen fortel òg om vekselspelninga, mellom Guri på luren og sekkepipeblåsarane da skottane kom marsjerande mot Kringane.

Dette var ei storhending i eit lite bygdasamfunn. Folk fekk brått krigens redslar og brutalitet tett innpå livet, eit inntrykk ein kan merke etterdønningane av den dag i dag, fire hundre år etter. For oss spelmenn er *Gurileikjin* og *Sinklarslåttein* minnesmerke over denne hendinga.

Når vi kjem attende til fyrst på 1700-talet, har vi ikkje mykje skriftleg informasjon om spelmenn og musikk å halde oss til. Om vi manglar dokumentasjon og fakta taper seg i det historiske myrkret di lenger bakover i tida vi prøver å rekkje ferda etter musikken vår, er det ymse segnstoff å halde seg til. Vi høyrer om ein Mikkel spelmann i segna om Skjelkvålsgutane. Han skal ha levd tidleg på 1600-talet. Han var gamal og låg tilsengs, og folk bad for han i kyrkja. Skjelkvålsgutane hadde skjenkt han full og fått han opp på smietaket. Der sat han og spelte fele medan folket gjekk forbi heim att. Segna fortel òg at Skjelkvålsgutane fekk snudd lomvéreane da dei var på veg til Kringane for å møte skottane. *Er de som de har vore sagt fraa gomol ti', saa va de aa takke Skjellkvaalsgutom for, at Lomverann snudde heim kvar aat se i Raadsbakka 1612 da døm va paa veigje aat Høgkringom. Skjellkvaals-brørann bar te aa avtelje folke i har'e lagje: "kva fa'n skal oss dit etter? Antel er Skottann fellte hell døm ha vunne førr oss naar fram, og kva har oss der aa gjera? - aat Lom kjøm ikje Skottann, korsomer!* (Kleiven 1915: 61). Nå kjem vel namnet Råsbakken av *Hross* – hest og ikkje av at lomvéreane heldt råd der. Namnet skulle såleis tyde hestbakken, eller den lange tunge bakken der hestane sleit.

Slaget i Kringom i 1612 var grunnleggjande for at det bygde seg opp ein eigen musikalsk tradisjon om Pillar-Guri, George Sinclair og Skottetoget. Minna om denne hendinga livde i friskt minne hjå dei fleste døler i lange tider etterpå. Forteljartradisjonen som var ein viktig informasjonsmåte generasjonane mellom, formidla inntrykk, forteljingar og om enkeltpersonar som deltok i slaget. *Og han Kjel Fjordongrein fraa Heidale ha laavaa Jentun sine, ho Guri Kruke, at han skulle frelse de vetle Baane aat Sinklar-Frugun. (...) Fru Sinklar sat i sale me Baane sine i Armom og saag paa, kaales Folke umkring ho vart sligne ne og at Mann henna fall. Best de va kom ei Kule og støkkte Live hjaa Baane henna. Ho skrik stort Jammer-Skreek og mea ho sit og turka Bloe 'taa Baane kjøm han Kjel Fjordongrein og vil taakaa de utu hendom henna. Men da kjøre den vet-slupne Mori ei lang Flus (kniv) beint i bringa paa 'om, saa han seig dou aat Marken (Kleiven 1907: 71).*

Ikkje minst tradisjonen og skapartrongen hjå spelmenn gjorde også sitt til å halde desse minna levande og skape eit ettermæle i slåttane – *Goroleikjin*. Og desse utgjer eit svært interessant musikkhistorisk materiale å forske i og grunde over.

Finst det restar av skotsk musikk i desse slåttane?

Etter hendingane i Kringane var det fleire blant dei skotske som overlevde som, vart det fortalt, etter kvart slo seg ned m.a. i Lesja, Sel og Vågå. Skotte i Sel og Skottlia i Vågå er mindre bruk og kan vera minne om skottar som busette seg her. Skottegardane i Lesja er nemnde Schotte i skrivne kjelder alt før 1600 og kan difor ikkje knytast opp mot skottane som forklaring på namnet. Dei av skottane som vart fastbuande, kan ha hatt sangstoff og andre melodiar som seinare vart ein del av musikktradisjonen i segnkrinsen rundt Skottetoget.

Rolf Myklebust var leiar for folkemusikkavdelinga i NRK frå 1952-1978. Han har i boka si, *Femti år med folkemusikk 1982*, greitt ut om dette. Som velutdanna musikal var han interessert i dei fleste sider ved musikken og hadde oversikt over det meste av norsk musikk, både klassisk og folkemusikk.

I 1971 gjorde Rolf Myklebust ei reise til Skottland for å studere sekkepipemusikk med tanke på å finne parallellar der til Sinklartradisjonen i Gudbrandsdalen. Dei skotske samlingane av sekkepipemusikk er på Edinburgh Castle. I samarbeid med professor Peter Cook og Kaptein John McLellan, sjefen for hærens sekkepipeskule ved Edinburgh Castle, fekk han gå gjennom samlinga. Lenge såg det ut til å vera ein bomtur. Musikkseksempla han hadde med frå Noreg kunne til nød ha slektskap med shetlandsk felemusikk, sa dei to skottane, men så: - *McLellan: Myklebust, du hadde eit anna musikk-nummer i Lindemans utsetjing. Denne Sinklarmarsjen er verkeleg svært lik musikk her i Skottland. Eg overførde melodien slik han kan spelast på sekkepipe, og eg vil seia at han er nær opp til sekkepipemusikk. R.M: kunne han vore skotsk for 350 år sidan? McLellan: Ja, ja!* (Myklebust 1982: 93).

At Myklebust ikkje fekk høyre Sinklarmarsjen spelt av spelmennene i Gudbrandsdalen, må han ta på si eiga kappe. Hadde han lagt like mykje arbeid i søket etter leiken her i dalen som han gjorde i Skottland, ville han lett ha funne Sinklarmarsjen som har levd i ubrotten tradisjon fram til denne dag hjå enkelte spelmenn i Ottadalen.

Altså: at ein leik av fjorten kan ha røter i Skottland og andre i denne serien av slåttar har slektskap med musikk på Shetland, er ikkje lite etter så lang tid og avstand.

George Sinclair var ein historisk person, men kan vi seia det same om Pillar-Guri? Ho er ikkje å finne i historiske skrifter, det er berre som ein av personane i segnkrinsen om Skottetoget vi kjenner henne.

I slaget er det dølene og skottane som slest, men i slåttane er det Pillar-Guri og George Sinclair som har hovudrollene. Guri for at ho var signalist for dølene, og Sinclair, kanskje for at han rei fremst av dei skotske offiserane og såleis, av dølene, vart oppfatta som leiaren.

Allment i segnstoffet heiter det om Pillar-Guri at ho var god til å spela på pillarhøynn, og såleis hadde fått dette tilnamnet. Ho miste kjæresten sin i slaget. Og ho fekk i løn, for innsatsen i slaget, bygsel på den vesle garden *Pillarvikje* på Lalm.

Eit anna namn på Pillar-Guri er *Prillar-Guri*. Fyrste lekken Prillar- kjem av verbet *å prille – pille* som tyder å spela på fløyte – *prillarhøynn, pillarhøynn*. Nå fortel segna at ho Pillar-Guri bles på lur i slaget, men det er ingen ting i vegen for at ho også kunne spela på andre blåseinstrument.

Bøndann i Vaagaa la se ihop og bygsla ein Gard aat henne Pillar-Guri, heitte Rinndal, sia ha den Garden bore Namnet Pillarvikje (Kleiven 1907: 74).

Fyrste delen av namnet Pillarvika kan koma av verbet å pille som på dølamål er det same som å ha samleie, eller det kan peike på Ottaelva som går i sterke stryk utanfor garden, bårene går opp og

ned. Pill er på dølamål det same som det mannlege kjønnsorganet, men tyder også småfisk. Andre lekken kjem naturlegvis av ei vik i elva. Namnet skal da tyde vika der småfisken går. I dag er det inga tydeleg vik utanfor Pillarvika, men Otta gjer ein s-sving ned og litt aust for garden. På 400 år kan elvefaret ha endra seg slik at ei tidlegare vik har vorte borte.

Indisier er ikkje prov. Difor får vi aldri vita sikkert om ho Guri har vore ein historisk person eller berre ei oppdikta kvinne for at alle aspekt, i dette dramaet som slaget i Kringom i 1612 var, skulle vera til stades.

Denne storhendinga i eit lite bygdasamfunn har inspirert mange. Ikkje berre folkekunstnarar, men òg diktarar og musikarar fram til nyare tid. Men det er fyrst og fremst spelmennene som har berga minnet om Pillar-Guri og slaget i Kringom gjennom Pillar-Gurislåttane og segnene som er knytta til desse.

Edvard Storm gav ut *Zinklarvisa* i 1782.

Magnus Brostrup Landstad skreiv om Pillar-Guri ca. 1830 da han var res. kapellan i Gausdal.

Hans Peter Schnitler Krag, sogneprest i Vågå 1831-1842, skreiv ned segner om Pillar-Guri, Skottetoget og slaget i Kringom, etter skulemesteren Hans Hansen Pillarviken. Krag skreiv også ned songar om denne hendinga og fekk samla alt i eit skrift (H.P.S. Krag 1838. *Sagn, samlede i Gudbrandsdalen om slaget ved Kringen*). Krag var også interessert i musikk; han fekk Roverud til Vågå og organiserte det fyrste fleirstemmige koret. Og på 1830-talet stemnde han til seg dei beste spelmennene i Lesja, Lom og Vågå og syrgde for at ein del av slåttane deira vart festa på noter, mellom desse nokre av Gurislåttane. Desse kom seinare med i Ludvig Mathias Lindemans *Fjeldmelodier*, utgjeve i 1853.

Edvard Grieg har brukt dei same slåttane i *opus 35 og 66*.

Vår lokale diktar Tore Ørjasæter skreiv diktet *Prillar-Guri* i 1932. Når diktarar har skildra slaget i Kringom var det helst heltedådane og krigshandlingane som vart vektlagt. Tore Ørjasæter var den einaste som fokuserte på den tragedien det eigentleg var: *'O gret 'o Guri da 'o fekk sjå kålest det gjekk med skottom og alle mannkroppane som flaut i Lågjé!*

Goroleikjin vil nok leva så lenge det finst spelmenn i Gudbrandsdalen!

Knut Kjøk